

Til naboar, gjenbuarar,
rettshavarar og offentleg mynde

OSE AS
Vikeøyrane 7, 6150 Ørsta
Tlf 70 04 52 20
firmapost@oseing.no

Vår ref.: P1843 Ålesund 21.09.2022

oseing.no

Detaljplan MOWI Rovde – varsel om oppstart av planarbeid – Vanylven kommune

I medhald av plan- og bygningslova §§ 12-1, 12-3 og 12-8 blir det med dette varsla om igangsetjing av privat detaljregulering for del av eigedomen gbnr. 111/14 m. fl. i Vanylven kommune.

MOWI ASA er forslagsstillar og OSE AS er plankonsulent for planarbeidet.

Lokalisering

Planområdet ligg ved Sundnesbogen i Rovde, ved fylkesveg 652.

Mål med planarbeidet

Målsetjing med planen er å leggje til rette for:

- Å auke produksjon av smolt
- Å leggje til rette for at fisk med større snittvekter kan setjast ut i sjø
- Føre opp nye produksjonsbygg med nødvendige funksjonar
- Kai for å betre transport på kjøl
- Fylle ut i sjø for å auke næringsareal
- Sikre/gjenbruk av matjord
- Regulere areal til gang- og sykkelveg
- Tiltak for trafikktrygging (avkøyrslar)

Planområdet

Planområdet består av eigedomane gbnr. 111/1, 2, 12, 13, 14, 15, 17 og 112/2, 3, 5, 6, 9, 112, og er på om lag 140 daa. Avgrensinga av planområdet kan bli endra før planen blir lagt ut til offentleg ettersyn.

Planstatus

Overordna plan

I kommuneplanen sin arealdel har planområdet formål sett av til næring, naust, småbåthamn, LNF (Landbruk-, natur- og friluftsliv), NFFF1 (Natur, fiske, friluftsliv, ferdsel), veg, gang- og sykkelveg. Det er omsynssone for skred for del av planområdet. Planområdet ligg inntil areal sett av til bustadformål.

Regulering

Planområdet er ikkje regulert. Det vil ikkje kome i konflikt med pågåande regulering i nærområdet.

Dispensasjon/vedtak

Det er politisk vedtak om oppstart av planarbeid, sak [F-99/22](#) i møte 30.08.2022, med samrøystes vedtak om oppstart av utarbeiding av detaljplanen.

Konsekvensutgreiing

Etter § 6b skal reguleringsplanar alltid KU-vurderast etter tiltak i vedlegg I.

Det vert lagt opp til utbygging av næringsbygg over 15 000 m² BRA. Det vil difor vere krav om konsekvensutgreiing etter vedlegg I nr. 24.

Planlagde tiltak vert vurdert til å medføre vesentleg verknad for miljø og samfunn, jamfør § 10 i KU-forskrifta, dette gjeld omdisponering av dyrka areal.

Etter ei samla vurdering blir det vurdert at planarbeidet for detaljplan MOWI Rovde utløyser krav om konsekvensutgreiing og planprogram. Planprogram blir lagt ut til ettersyn samstundes med varsel om oppstart av planarbeid.

Oppstartsmøte med kommunen

Det vart halde oppstartsmøte med kommunen 18.08.2022, med følgjande hovudpunkt:

- Landbruk
- Bygningsmasse
- Plangrense
- Naturfare

Informasjon og medverknad

Det vil bli sendt varsel om oppstart til naboar og gjenbuarar, kunngjering i lokal avis og på nettet, i samsvar med pbl. § 12-8. For nærare informasjon ta kontakt med OSE, mob. 974 89 987 eller e-post plan@oseing.no. Reguleringsarbeidet blir vurdert til å gje små negative ulemper for naboar/naboar er/blir haldne orientert om planarbeidet. Det blir difor ikkje lagt opp til medverknadsmøte i samband med oppstart av planarbeid. Det vil bli vurdert medverknadsmøte i samband med offentleg ettersyn.

Meir informasjon

Møtereferat frå oppstartsmøtet 18.08.2022, planprogram, varslingsbrev, planinitiativ, politisk vedtak og forskjellege kart blir lagt ut på Vanylven kommune sine heimesider og på OSE sine heimesider under [kunngjeringar](#).

Merknadar til oppstartsmeldinga

Merknadar som har verknad eller interesse for planarbeidet kan sendast:

OSE AS på e-post plan@oseing.no eller

OSE AS
Vikeøyrane 7,
6150 Ørsta

Frist for merknadar vert sett til **04.11.2022**, seks vekers frist i tidsrommet **22.09.2022 – 04.11.2022**. Merk fråsegn med P1843.

Alle mottekne dokument og merknadar blir sendt kommunen saman med planframlegget.

Vidare sakshandsaming

Etter at meldingsfrista er ute vil plandokumenta bli utarbeidd for deretter å bli sendt kommunen for sakshandsaming. Etter handsaming i kommunen blir plandokumenta lagt ut til offentlig ettersyn. Det vil då bli høve til å kome med merknadar til planframlegget før vidare politisk handsaming og vedtak.

Med helsing



Bjarte F Friisvold
Arealplanleggar
Mob 974 89 987
bjarte@oseing.no

Vedlegg:

Detaljplan MOWI Rovde_21.09.2022
Detaljplan MOWI Rovde - plangrense - flyfoto_21.09.2022
Detaljplan MOWI Rovde - plangrense_kommuneplan_21.09.2022

Vedlegg også sendt elektronisk:

Referat frå oppstartsmøte 18.08.2022
Vedtak [F-99/22](#) i møte 30.08.2022
Planprogram
Oversiktskart

Brev sendt elektronisk til:

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal
Møre og Romsdal fylkeskommune
Statens vegvesen
NVE
Mattilsynet
Fiskeridirektoratet
Kystverket
Vanylven kommune
Mørenett

Brev:

Vegard Kammen	Enebakken 1	6141	Rovde
Tonje Sætre	Enebakken 1	6141	Rovde
Anne-Lise Hånes	Redsevegen 22	6141	Rovde
Bente Oddrun Sundnes	Gamlevegen 3	6143	Fiskå
Ole Erik Enebakk	Enebakken 6	6141	Rovde
Grete Jorunn Vik Sætre	Dalsfjordvegen 159	6133	Lauvstad
Jan-Sindre Sundnes	Rabben 1	6141	Rovde
Gudbjørn Svein Vik	Enebakken 10	6141	Rovde
Arild Per Vik	Syvdefjordvegen 571	6140	Syvde
Magne Ove Vedeld	Vedelda 18	6141	Rovde
Per Asbjørn Knardal	Vedelda 14	6141	Rovde
Egil Vedeld	Vedelda 16	6141	Rovde
Svein Vedeld	Vedelda 10	6141	Rovde
Vedeld Eignedom AS		6141	Rovde
Pål Kristian Vedeld	Vedelda 6	6141	Rovde
Karen Dyb Wedeld	Vedelda 12	6141	Rovde
Sigrunn Jofrid Vedeld	Vedelda 11	6141	Rovde
Jan Steinar Sundnes	Vedelda 1	6141	Rovde
Janne Iren Sundnes Voksø	Vedelda 3	6141	Rovde
Elin Aksnes	Vedelda 6	6141	Rovde